



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
11.01.2019	3352/2019	Magne Vinje

Saksnr	Utval	Møtedato
	Fylkesutvalet	28.01.2019

Høyring: Forslag til endringer i veglova, mfl. og forslag til lov om overgangsbestemmelser ved overføring av fylkesveiadministrasjon fra Statens vegvesen til fylkeskommunene

Bakgrunn

I samband med behandling av St.melding nr. 6 vedtok Stortinget den 18. desember 2018 å overføre fylkesvegadministrasjonen fra Statens vegvesen til fylkeskommunane.

Samferdselsdepartementet har gjennom vedlagte brev av 20. november 2018 sendt til offentleg høyring:

- «forslag til endringar i veglova, plan- og bygningsloven, matrikkellova, vegtrafikkloven, yrkestransportloven og skatteforvaltningsloven
- ny lov om overgangsbestemmelser ved overføring av fylkesveiadministrasjonen fra Statens vegvesen til fylkeskommunene»

Høyringsfristen er 18. januar 2019.

Grunna den korte høyringsfristen vil fylkesrådmannen sitt saksframlegg bli sendt til departementet innan fristen med varsel om at fylkesutvalet sitt vedtak vert ettersendt etter behandling den 28. januar 2019.

Vi viser til det vedlagte høyringsdokument der mellom anna dette går fram (sitat fra ulike avsnitt):

«For å sikre en hensiktsmessig gjennomføring av regjeringens beslutning om å overføre fylkesveiadministrasjonen Statens vegvesen har utført for fylkeskommunene, foreslår departementet en ny lov om overgangsbestemmelser som regulerer enkelte forhold knyttet til overføringen. Bestemmelsene i loven er i hovedsak knyttet til overføring av ansatte og rettigheter og forpliktelser knyttet til igangværende oppgaver og kontrakter som skal videreføres også etter at endringene i veglova settes i kraft. I tillegg foreslås det en bestemmelse som regulerer fylkeskommunens tilgang til arkivmateriale på fylkesvei.»

«Regjeringen legger til grunn at overføringen av de ansatte i Statens vegvesen som ikke er direkte omfattet av reglene om virksomhetsoverdragelse skal søkes løst gjennom dialog og avtale mellom staten og fylkeskommunene.» «Overføringen av fylkesveiadministrasjonen fra Statens vegvesen til fylkeskommunene berører et stort antall ansatte. Det er en kompliserende faktor at det ikke er identitet mellom beregnede antall årsverk (ca. 1 650) og antall ansatte (4 000) som utfører arbeid knyttet til fylkesveiene.»

«For fylkeskommunal og kommunal sektor er kvalifikasjonsprinsippet ulovfestet. For at det skal være klart at fylkeskommunene kan avtale å overta ansatte fra Statens vegvesen i

denne reformen, foreslås det i første ledd tredje punktum at de ulovfestede reglene om offentlig kunngjøring av stilling og kvalifikasjonsprinsippet ikke skal gjelde.»

«Ettersom fylkeskommunene allerede får dekket utgifter til deler av arbeidet som utføres av Statens vegvesen gjennom sams veiadministrasjon, skal budsjettoverføringen fra staten være avgrenset til de kostnadene (lønnskostnader, mv.) som staten har dekket. Dersom det er fylkeskommuner som ønsker å ta over arbeidsgiveransvaret for flere enn det antallet stillinger Statens vegvesen har brukt på oppgavene, legger departementet til grunn at slike stillinger i utgangspunktet skal dekkes av fylkeskommunene selv.»

«For å sikre mest mulig forutsigbarhet og likebehandling av alle de ansatte fra Statens vegvesen som etter oppgaveoverføringen blir ansatt i en fylkeskommune, foreslår departementet at vernet og rettighetene som gjelder iht. arbeidsmiljøloven kapittel 16 også skal gjelde for de som overføres med bakgrunn i en inngått avtale. Dette er først og fremst bestemmelsene om lønns- og arbeidsvilkår som gjelder iht. § 16-2.»

«De ansatte som blir omfattet av avtalene mellom staten og fylkeskommunene vil ha rett til å reservere seg mot at arbeidsforholdet overføres til ny arbeidsgiver, jf. arbeidsmiljøloven § 16-3 første ledd. Som omtalt i forarbeidene til bestemmelsen, er det i norsk rett ansett å være en fundamental rettighet for en arbeidstaker å selv velge hvilken arbeidsgiver han/hun vil jobbe for.»

Vurdering

KS har gitt ein eigen høyringsuttale til saka etter behandling i KS sitt hovudstyre den 17. desember 2018. KS sitt høyringsnotat følgjer vedlagt. I all hovudsak sluttar fylkesrådmannen seg til dei vurderingane som går fram av KS sin høyringsuttale.

- Avtale om tilsettingar i fylkeskommunane når fylkesvegadministrasjon vert overført frå Statens vegvesen

I samsvar med regjeringa sin føresetnad om «*at overføringen av de ansatte i Statens vegvesen som ikke er direkte omfattet av reglene om virksomhetsoverdragelse skal søkes løst gjennom dialog og avtale mellom staten og fylkeskommunene*» er det inngått avtale mellom KS og Statens vegvesen. Denne avtalen, som skal underteiknast lokalt av den enkelte fylkeskommune og regionalt nivå i Statens vegvesen, regulerer etter fylkesrådmannen sin vurdering rammene for tilsettingar i fylkeskommunane på ein god måte. Møre og Romsdal fylkeskommune ved fylkesrådmannen har underteikna avtalen i møte med regionvegsjefen for region Midt i møte den 17. januar 2019. Avtalen, som er omtalt som ein mønsteravtale, følgjer vedlagt. Vi gjer merksam på at punkt 7 i avtalen er frivillig og her er det gjort ei lokal tilpassing for Møre og Romsdal fylkeskommune. Ledige stillingar i Møre og Romsdal fylkeskommune innafor avtalen sitt virkeområde vil etter punkt 7 bli lyst ledig internt i Statens vegvesen i ei overgangsperiode til 31. desember 2019.

Ved tilsetting i ei fylkeskommune i samsvar med ovannemnde avtale, gjeld ikkje reglar om offentleg kunngjering av stilling og kvalifikasjonsprinsippet.

Fylkesrådmannen deler vurderinga av at dette er ei nødvendig lovfesting.

Kongen i statsråd kan i forskrift fastsette korleis overføring av tilsette i Statens vegvesen skal skje dersom det ikkje blir semje mellom staten og fylkeskommunane. Ein slik heimel blir vurdert som nødvendig for å sikre at oppgåveoverføringa blir gjennomført. Ein eller fleire fylkeskommunar kan på denne måten ikkje stanse prosessen ved å la vere å inngå avtale om overføring.

- Tariffavtale og lønnsvilkår for tilsette på overføringstidspunktet

Regjeringa tilrår at bestemmelsane i aml §16-2 skal gjelde ved overføringa. Dette betyr at dei tilsette som kjem frå Statens vegvesen vil få vidareført sine individuelle rettar som følgje av tariffavtalar med tidlegare arbeidsgivar frå overføringstidspunktet 1. januar 2020 til dei vert avløyst av ny tariffavtale. For KS-området vil ny HTA då bli gjort gjeldande frå 1. mai 2020.

Fylkesrådmannen deler KS sin vurdering av at dette er lite ønskjeleg då vi for ei periode vil få fylkeskommunalt tilsette i same organisasjon med ulike lønns- og arbeidsvilkår. Regjeringa har sjølv vurdert at dei fleste tilsette som skal ha tilbod om stilling i fylkeskommunen ikkje er omfatta av reglane om verksemどsoverdraging etter aml kap. 16. Sjølv om det vil vere nokre tilsette er omfatta av desse reglane finn vi det ikkje naturleg at dette regelsettet skal gjelde alle tilsette.

Eventuelle behov for individuelle vilkår, lokale eller sentrale særavtalar må prinsipielt avklarast før overføringa slik at ordinære fylkeskommunale vilkår vert gjort gjeldande frå overføringstidspunktet. Det kan vere aktuelt å lage nye særavtalar på fylkeskommunalt tariffområde for å regulere vilkår som er knytt til vakt- og beredskapsordningar, mobile tenestestadar/anlegg m.v. Vi ser elles ikkje denne utfordringa vesentleg annleis enn slik vi måtte handtere dette ved ordinær rekruttering der også lønns- og arbeidsvilkår hos ny arbeidsgivar må vere avklart på tiltredingstidspunktet. Lønnsnivå hos tidlegare arbeidsgivar vil måtte vidareførast med mindre noko anna vert avtalt.

I mønsteravtalens punkt 3 er det også vist til arbeidsmiljølova §14-6. I denne bestemmelsen er det fastsett krav til innhald i arbeidsavtalen. I samsvar med bokstav i) skal det i arbeidsavtalen opplystas kva lønnsvilkår som skal gjelde når noverande tilsette i Statens vegvesen tiltrer stilling i fylkeskommunen.

- Økonomiske ressursar relatert til overføring av tilsette

Inntektssystemet for fylkeskommunane må innrettast slik at den samla budsjettetramma (ekskl. omstillingskostnadene) som blir overført fylkeskommunane er i samsvar med det tal stillingar som Statens vegvesen faktisk har brukt til fylkesvegadministrasjon.

Fylkeskommunane vert igjennom avtalen om tilsettingar og overføringslova pålagt å tilby jobb til tilsette i Statens vegvesen som har hatt oppgåver relatert til fylkesvegadministrasjon. Tilboda skal vere relatert til det stillingsvolum som vert fastsett i organisasjons- og bemanningsplan for den enkelte fylkeskommune. Dersom fylkeskommunane dokumenterer at stillingsvolum og tilbodsgrunnlaget for tilsettingar er likt det tal stillingar Statens vegvesen har nytta, kan ikkje fylkeskommunane få redusert ramme som følgje av at tilsette takkar nei til tilbod frå fylkeskommunen eller reserverer seg mot overføring. Som departementet sjølv omtalar i høyringsdokumentet så har den enkelte arbeidstakar rett til å velje kva for arbeidsgivar han/ho vil jobbe for. Fylkeskommunane må vere sikra dei økonomiske rammene til å kunne etablere eigen organisasjon uavhengig av valet den enkelte arbeidstakar tar.

Berekningane av tal årsverk tar også med seg stabs- og støttefunksjoner. Med ei oppsplitting av SAMS vil stabs- og støttefunksjoner bli «pulverisert» og fylkeskommunane vil måtte tilpasse sin eksisterande organisering der det ikkje er naturleg å overta «heile tilsette» for å fylle desse funksjonane. Det betyr at kostnaden vil vere til stades, men at oppgåvene ikkje nødvendigvis blir løyst av årsverk/tilsette som vert overført frå SVV. Ordlyden i høyningsnotatet kan tyde på at fylkeskommunane ikkje vil få dekka desse kostnadane.

SVV som ei større eining har hatt større tilgang på nødvendig fagkompetanse internt både fordi dei har hatt ansvar for både riks- og fylkesvegar og fordi dei er delt inn i fem regionar og dermed har hatt ei bemanning for eit større ansvarsområde innanfor veg enn det kvar enkelt fylkeskommune vil få. Det er sannsynleg at fylkeskommunane ikkje vil ha behov for å fylle opp fagkompetanse med heile stillingar på same måte. Alternativet kan då vere å leige inn konsulentar på enkeltområde etter behov, eventuelt inngå eit samarbeid med andre fylkeskommunar. Høyningsnotatet kan tyde på at fylkeskommunane ikkje vil få dekka desse kostnadane.

Ei anna utfordring knytt til overføring av tilsette er forskjellen i pensjonspremie mellom SPK og KLP. Fylkeskommunane har ansvar for å betale reguleringspremie til KLP. Denne utgjer rundt 10 prosent av lønn. For SPK dekkes denne kostnaden internt i staten, ikkje av SVV sine budsjettmidlar. Dette betyr at våre lønns- og sosiale kostnader vil vere høgare enn SVV sine kostnader. Vi kjenner ikkje til korleis dette er organisert i staten i dag, men for fylkeskommunane er det særskilt viktig at det også blir tilført midlar til å dekke denne kostnadsforskjellen.

- Andre omstillingskostnadar

Når det gjeld omstillingskostnader er det stor usikkerheit rundt kostnadane og vi finn grunn til å påpeike at det er viktig å skaffe seg ei oversikt over desse, både i form av eingongskostnader og eventuelle varige kostnader knytta til overføring av oppgåvene, og at både fylkeskommunane og eventuelt SVV får dekka opp desse kostnadane over statsbudsjettet. Mellom anna må kostnader knytt IT-system, lisensar, programvare med vidare takast omsyn til ved berekning av omstillingskostnadar ved bygging av ny «infrastruktur» og som ein del av det som går inn i ordinær drift etter overføring, altså årsverkskostnaden som grunnlag for det framtidige inntektssystemet.

Når sams vegadministrasjon vert avvikla vil det oppstå ein situasjon der Statens vegvesen kan få mindre utnytting av spesialutstyr på grunn av redusert veglengde. Samstundes må fylkeskommunane skaffe utstyr og kompetanse som og får låg utnytting. Noko av dette er knytt til spesialutstyr for måling av tilstanden på veg (dekke og bæreevne) og laboratorienester/kvalitetskontrollar. Vi forstår at det er formelle årsaker som er til hinder for at eit praktisk samarbeid ikkje kan etablerast utan at det vert tilrettelagt for det (krev muligens ein ny lovheimel). Derfor saknar vi ei drøfting av og tilråding om tiltak som kan gje grunnlag for eit samarbeid på «smale» einskildområder. Slik tilrettelegging vil både redusere omstillingskostnadene i form av investeringsbehov for lokaler, utstyr og kompetansebygging, men vil også spare etter måten høge permanente driftskostnader.

Endringar i div lovverk

Samferdselsdepartementet ber i høyringsbrevet om fråsegn til delegasjonsbestemmelsen som er føreslått vidareført i Veglova sin §9. Det ligg ikkje føre generell instruksjonsmynde mellom vegstyresmaktene, og slik sett ser vi det som praktisk med ein klar lovheimel for delegasjon.

I høve til Vegtrafikkloven er det i høyringsbrevet sagt at ein må sjå nærmare på ein del moglege endringar i myndighetsforhold samband med gjennomgangen av forskrifter både til Veglov og Vegtrafikklov. Vi tar til etterretning at dette arbeidet vil bli gjenstand for eigen offentleg høyring på eit seinare tidspunkt.

Ut over dette har vi ingen merknader til dei lovendringane som blir føreslått i høyringsnotatet.

Forslag til vedtak:

Fylkesutvalet sluttar seg til dei vurderingane som er gjort i saksframleggget, men vil spesielt framheve følgande:

- Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at reglane om verksemndovertreding etter aml. §16-2 ikkje skal gjerast gjeldande for tilsette som vert tilbydt stilling, men som etter lova ikkje er omfatta av verksemndovertreding. Det er lite ønskjeleg å få ein overgangsperiode der ei større gruppe tilsette får sine lønns- og arbeidsvilkår regulert etter anna tariffavtale enn andre fylkeskommunalt tilsette. Den mønsteravtalen som er inngått mellom KS og Statens vegvesen regulerar på ein god måte dei vilkår som skal gjelde ved overføring av tilsette.
- Finansieringsmodellen må sikre at fylkeskommunen får kompensert alle relevante kostnader knytt til det tal årsverk som Statens vegvesen opplyser vert nytta i arbeidet med fylkesvegar.
- Omstillingskostnadane for denne reformen må synleggjerast og finansierast gjennom statsbudsjettet.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Arild Fuglseth
samferdselssjef

Vedlegg

- 1 KS - Høyringssvar Samferdselsdepartementet
- 2 Lokal avtale for MRFK med SVV om ansettelse ved overføring av fylkesveg